



Arkivsaknr: 2024/12451-6
Sakshandsamar: Ingrid Bjørge Pedersen
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Dispensasjon og løyve til etablering av padelhuk og toalettbygg - gbnr 84/1

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Dispensasjon frå plan-og bygningslova § 1-8 vedkomande byggjegrænse mot sjø og arealføremål LNF i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for etablering av padelhuk og toalett.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 dispensasjon frå kommunedelplan.

Alver kommune gjev løyve til etablering av padelhuk og tett toalett på gbnr 84/1 . Løyve vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4.

Arealplaner

Det søkes om dispensasjon fra arealformålet LNF siden tiltaket er i strid med arealformålet, jf vedlagte søknad om dispensasjon

Plan- og bygningslov med forskrifter

Det søkes om dispensasjon fra pbl. § 1-8 siden tiltaket etableres innenfor 100-meters beltet mot sjø, jf. vedlagte søknad om dispensasjon.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

SAKSUTGREIING

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for areal, plan og miljø.

Dersom utvalet gjev dispensasjon, skal vedtaket sendast til Statforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune til klagevurdering.

Saksopplysningar

Administrativt saknr. [sett inn]

Tiltak: Padelhuk og tett toalett

Søknadstype: Dispensasjon og søknad om tiltak

Eigedom: Gbnr. 84/1

Adresse: Ingen adresse finnes, 5956 Hundvin

Tiltakshavar/eigar: BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD KOMMUNALT
OPPGAVEFELLESKAP

Søkjjar: Prosjektstyring Vest AS

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om padelhuk og tett toalett på Bårdnesholmen. Det går fram av søknad at tiltaket kan nyttast til enkel overnatting og tilkomst vil vere med mindre båtar, kajakk eller liknande som kan løftast opp på land.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.



Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden definert som LNF-føremål.

Kart/Foto





Dispensasjon

Det går fram av søknad om dispensasjon:

«Fordeler ved tiltaket iht. Pbl. § 1-8:

- *Tiltakene vil fremme allmennhetens bruk av strandsonen*
- *Tiltakene rettelegger og forbedrer friluftsforholdene og tilbudet for allmennheten*
- *Tiltakene vil gi besøkende et sted å raste og bedre mulighetene for overnatting med tak over hodet og toalettfasiliteter*
- *Tiltakene vil ikke i negativ grad påvirke utformingen av omgivelsene*
- *Allmenhetens frie ferdsel, friluftsliv opprettholdes og benyttelse av strandsonen vil i dette området ikke få negative konsekvenser for miljø og samfunn*
- *Tiltakene kommer ikke i konflikt med hensynet til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser*

Fordeler ved tiltaket iht. Kommunedelplanen, arealformål LNF:

- *Tiltakene vil bidra til økt interesse for området for allmennheten*
- *Tiltakene vil være en god totalpakke som vil tilrettelegge for en positiv bruk av*

Bårdnesholmen for allmennheten

- *Tiltakene oppføres med minst mulig terrenginngrep*
- *Tiltakene fører ikke til vesentlig endring av eksisterende terreng og landskap*
- *Tiltakene medfører ikke ulemper for miljø og samfunn*
- *Tiltakene kommer ikke i konflikt med hensynet til natur- kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser*
- *Det vektlegges god landskapstilpasning ved prosjektering av tiltakene»*

Uttale

Saka er sendt til uttale til Statsforvalter i Vestland og Vestland Fylkeskommune den 07.02.2025, det er ikkje gitt uttale til saka.

Vatn og avløp (VA)

Saka gjeld også etablering av tett toalett utan utslepp det er difor ikkje naudsynt med utsleppsløyve etter forureiningslova.

Vurdering

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen kan gje dispensasjon. Vilkåra er kumulative, som vil seia at begge vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føreseigna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftsinnteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Når det gjeld omsøkte tiltak sett opp i mot omsynet til allmenn ferdsel har kommunen særskilt lagt vekt på at dette tiltaket er i offentleg regi og til allmenn bruk. Tiltaket er i seg sjølv beskjeden og krev lite terrenginngrep.

Slik administrasjonen vurderer det er det uheldig å handsame slike saker gjennom enkeltdispensasjoner, dette bør helst skje gjennom overordna plan. Utfordringar ved å handsame desse sakene gjennom enkeltdispensasjoner er ofte at ein ikkje får ei heilskapeleg styring på omfang, plassering, storleik mm. Samstundes gjeld dette for eit tiltak i offentleg regi og legg til rette for at fleire kan nytte desse områda, og administrasjonen meiner fordelar difor er større enn ulempa.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og LNF-føremål i kommunedelplan er oppfylt.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Vedlegg

- 1 Situasjonsskart
- 2 Tegninger padlehu
- 3 Tegninger Biotope_toalett_2_0_tilpasset_populett200
- 4 Detaljkart Bårdnesholmen
- 5 Søknad om dispensasjon Bårdnesholmen 25.10.24